



Arkiv nr:

Sak nr 32/2022

Møtedato: 23.11.22


Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## S822, Nørre Trøllhøvd - Endre goto til adkomstveg

Støl med festenummer 94/1/822 – Tor Erik Strand/ Heidi Lien Nilssen (G/Bnr 83/2) har søkt om endra arrondering av eksisterande stølsjorde for å få ført fram ein ny veg i goto mellom S822 og S872. Det planlegges oppstart av mjølke drift, og ein treng då adkomst til fjøset med mjølkebil.

Skisse som syner ynskja endring:



Garden har drift i dag, både med slått av for og med beitedyr.

Dette vert handsama som ein endring av stølen, jfr Seterforskrifta § 6:

### § 6. Utvising av seter

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer at det trengst seter til drift av eigedomen, kan få utvist seter anten aleine eller saman med andre jordbrukarar, jf. § 18 første ledd og § 21 andre ledd i fjellova. Dette gjeld òg for utviding av seter.

Det er eit krav at behovet for seter blir dokumentert. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ei driftsplan.

Saka vart sendt på høyring av administrasjonen i perioden 29/9 – 31/10 2022. Det er komme inn følgjande uttaler:

#### Innlandet fylkeskommune

Sidan dette dreier seg om etablering av veg på eit stølsfeste meiner dei dette skal handsamast som ein dispensasjon.

Det er ikkje kjente automatisk freda kulturminne innafor eller inntil tiltaksområdet.

#### Statskog:

Arealet i en gutu ligger mellom stølsjordene og er egentlig et areal som skal behandles etter Fjellovens § 12. I denne saken blir det en kombinasjon da det skal fortsatt være en trase mellom stølsjordene, men veien skal lages bredere og arealet skal tas fra fnr. 822. Utvidelsen begrunnes med at mjølkebilen skal kunne komme fram.

Statskog stiller seg positiv til utvidelsen av veggen dersom det er behov for det i forbindelse med endret drift. Fjellstyret bør innhente plan for drift på stølen og se dette i sammenheng med eventuelle behov for fornying/utviding etc av bebyggelsen. Det ligger ingen informasjon i saken om hva planene er og status på dagens bebyggelse. Gutua mellom stølsjordene skal fortsatt være åpen for ferdsel.

### Vurdering:

Sidan det allereie er ei goto som er meint for ferdsel i det aktuelle området, ser ikkje administrasjonen noko problem med tiltaket, hverken for beitebrukarar eller andre forhold.

Det er viktig som Statskog påpeikar, at gotoa fortsatt er open for allmenn ferdsel. Det er føreslege sett som eit krav til godkjenning.

Når det gjeld informasjon om planar/bygningsstatus, ser ein ikkje dette som vesentleg info ut over det som er presentert i forbindelse med søknaden om goto. Det er presentert planar om endring av drift der ein går delvis over til mjølkedrift, og det er diskutert planar om utviding av stølsbygg utan at dette er konkretisert i ein søknad. Administrasjonen føresler derfor at ein avventar krav til konkrete planar om dette frem til søker sjølv ynskjer å endre bygningar. Det er opplyst at fjøset kan brukas slik det er i dag, med installering av mjølkeanlegg.

Når det gjeld spørsmål om endring av goto til driftsveg i landbruket krev dispensasjon etter plan- og bygningslova eller anna lovverk knytt til eks landbruksveg, er dette ei kommunal oppgåve i etterkant av fjellstyret sitt vedtak.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret godkjenner endring av goto mellom S 822 og S 872, der deler av traseen vert endra til veg for bl.a. mjølkebil/ adkomst til fjøs. Heimel er Seterforskrifta § 6.

Det er sett følgjande vilkår til godkjenning:

1. Goto/veg skal fortsatt vere open for allmenn ferdsel
2. Det føresettes at tiltaket vert godkjent etter naudsynt kommunal forvaltning i etterkant.

### **Vedtak:**

Fjellstyret godkjenner endring av goto mellom S 822 og S 872, der deler av traseen vert endra til veg for bl.a. mjølkebil/ adkomst til fjøs. Heimel er Seterforskrifta § 6.

Det er sett følgjande vilkår til godkjenning:

1. Goto/veg skal fortsatt vere open for allmenn ferdsel
2. Det føresettes at tiltaket vert godkjent etter naudsynt kommunal forvaltning i etterkant.

Vedtaket er samrøystes.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.11.2022

Kenneth Monsen  
sekretær

Vedlegg: Melding om klagerett

### **Utskrift:**

HARLEM OLAV HARALDSØN	94/1/302/0
AFDAL ØYSTEIN	94/1/505/0
VOLDEN KJELL	94/1/611/0
NESTE NILS KRISTIAN	94/1/681/0
NILSSEN HEIDI LIEN	94/1/822/0
STRAND TOR ERIK	94/1/822/0
MYRVANG GJERMUND	94/1/872/0
Statskog SF	94/1/872/0
Innlandet fylkeskommune	
Vestre Slidre kommune	
Stølsvegen v/ Knut Berge	